

14.06.2010

Snart i sin vakraste skrud



**Det er mykje blomeprakt i bygda vår, men prisen tek nok den imponerande rhododendronen på Endregård. No nærmar den seg sin vakraste skrud og blir beundra av mange forbipasserande.**

**Vi har tidlegare slått fast at den er størst i Kvinnherad - utan å bli motsagt!**

Ja, kanskje er den størst på heile Vestlandet?

I alle fall er busken samla sett 6 meter høg, 15 meter lang og 5 meter brei, seier dei lokalkjende utan at dei har kontollmålt. Den spede starten skjedde allereie tidleg i det førre århundret.

Gartner Larssen frå Långgot planta busken, som har tre røter, då han anla hagen i 1918.

Men det er også mange andre flotte eksemplar av rhododendron som blomar no. Ta deg ein rundtur og nyt!

(Foto: Ola Matti Mathisen)